



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO
postmottak@kd.dep.no

Høyring - Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova. Krav til relevant kompetanse i undervisningsfag m.m.

Utdanningsforbundet syner til høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet av 22.10.2014 om framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova.

Høyringsnotatet inneheld framlegg om:

- å endre reglane om krav om relevant kompetanse i undervisningsfag
- å klargjere kva for avgjerder i skulesamanheng barneverntenesta har rett til å ta på vegne av barnet når barneverntenesta har overtatt omsorga for barnet
- å endre namnet på faget religion, livssyn og etikk (RLE) til kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) og å innføre ein regel om tidsbruk knytt til kristendomskunnskap i læreplanen i faget

Utdanningsforbundet går mot framlegget om å endre § 10-2 i opplæringslova.

Utdanningsforbundet støttar framlegget om avgjerder i skulesamanheng der barneverntenesta har rett til å ta avgjerder på vegne av barnet når barneverntenesta har overtatt omsorga for barnet.

Utdanningsforbundet går mot å endre faget RLE til KRLE og går også mot å innføre ein regel om tidsbruk knytt til kristendomskunnskap i læreplanen i faget

Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag

Utdanningsforbundet støttar departementet sine intensjonar om høg kompetanse i skulen. Vi er samd i at ein bør ha høge ambisjonar og at ein må vere utolmodig i arbeidet for best muleg kompetanse i skuleverket. Utdanningsforbundet meiner difor at det skal vere høge krav til kompetanse for tilsetjing og undervisning i grunnopplæringa. Vi meiner krav til kompetanse for undervisning i fag ideelt sett bør omfatte alle fag på alle steg i alle skuleslag. Samstundes må vedtekne krav i lov og forskrift vere realistiske i notida slik at alle lærarar, skuleleiarar og

skuleeigarar har rimeleg høve til å oppfylle krava utan at lærarar vert stempla som ukvalifiserte. Utdanningsforbundet meiner difor at vi må gå stegvis fram på vegen mot dette målet.

Utdanningsforbundet meiner dagens lovtekst i tilstrekkeleg grad varetar behovet for å styrkje fagkompetansen til lærarane i dei faga de skal undervise i og samstundes tek høgd for den faktiske situasjonen i skulen i dag. Vi meiner reglane for unnatak § 10-2 tredje ledd bør først vidare, og går såleis mot departementet sitt framlegg til endring.

Vi meiner departementet gjennom sitt framlegg sender uheldige signal til mange lærarar som i dag er tilsette og gjer ein god jobb i skulen om at dei ikkje lenger er kvalifiserte til jobben dei gjer.

Vi konstaterer elles at det tilsynelatande offensive grepet frå departementet si side og som kan sjå ut som ei skjerpning av lova, ikkje vil ha særlege konkrete konsekvensar for den reelle kompetansen i skulen ettersom departementet samstundes utvidar ordninga for unnatak til å gjelde dei nærmaste ti åra.

Då departementet i 2010 gjorde framlegg om å innføre kompetansekrav for undervisning, kommenterte Utdanningsforbundet dette på følgjande måte:

Innføring av kompetansekrav for undervisning må ikke føre til at lærere som hadde tilstrekkelig kompetanse før de nye reglene trer i kraft, mister sin kompetanse. Det ville være svært urimelig om lærere som ikke fyller de nye kravene, skulle være utelukket fra å skifte stilling uten å ha gjennomført videreutdanning. Utdanningsforbundet mener det er en forutsetning at en følger praksis fra tidligere endringer i kompetansekravene for tilsetting, ved at de nye lov- og forskriftskravene ikke gjøres gjeldende for lærere som har godkjent kompetanse etter tidligere regler.

Utdanningsforbundet er usamd i departementet si vurdering av dei økonomiske og administrative konsekvensane av framlegget. Departementet legg dagens system for vidareutdanning med ei vikarordning og ei stipendordning til grunn for sine kostnadsberekningar. Dagens system er eit tilbod om vidareutdanning – ikkje ei plikt. Viss ein lærar skal kunne påleggjast vidareutdanning etter at ei lovendring med tilbakeverkande kraft har medført at læraren ikkje lenger har relevant kompetanse, må det etter Utdanningsforbundet sitt syn vere ein absolutt føresetnad at slik vidareutdanning skjer utan omkostningar for den einskilde lærar. Det er kommunen/skuleeigar si plikt til å skaffe seg rett og nødvendig kompetanse. Framlegget frå departementet kan lesast som at utfordringar knytt til kompetansekravet vert privatisert og gjort til eit problem for læraren/profesjonen og ikkje vert plassert der det hører heime, hos skuleeigar.

Departementet gjer også framlegg at den særlege ordninga for skular som har ungdomssteg med færre enn 60 elevar og færre enn 5 lærarårsverk skal avviklast. Mange mindre skular og skular i små kommunar vil etter departementet sitt framlegg vanskeleg kunne oppfylle loven sitt krav over natta. Det inneber at den endra lovteksten vil gjere mange mindre skular til lovbrutarar. Lovframlegget vil også innebere eit press mot den desentraliserte skulestrukturen.

Lærarar som i dag er over 60 år skal ikkje lenger reknast som ein del av målgruppa for vidareutdanninga. Når regjeringa ønskjer at folk skal stå lenger i jobb fordi samfunnet også treng kompetansen til eldre arbeidstakarar, vert det meiningslaust at departementet samstundes

signaliserer at det ikkje er verdt å koste vidareutdanning på denne gruppa.

Utdanningsforbundet meiner lærarar over 60 år må ha den same retten til vidareutdanning som yngre arbeidstakarar. Det er mange eldre lærarar som vil kunne ha behov for vidareutdanning. Med ein progresjon på ti år vil det bli vanskeleg for dei som har ti år eller mindre att av yrkeskarrieren å få høve til etter- og vidareutdanning. Desse vil bli prioritert bort til fordel for yngre lærarar.

Det er i dag ikkje noko som er til hinder for at skuleeigarar kan setje inn tiltak for å heve kompetansen i skulen. Dette er eit ansvar dei har og som dei må ta. Å innføre ei lov med tilbakeverkande kraft samstundes som krava ikkje gjeld for blant andre tilsette i mellombels stillingar, vil kunne ha fleire uheldige og utilsikta konsekvensar. Vi vil truleg oppleve fleire mellombels stillingar og deltidsstillingar. Vi meiner også at ei slik lovendring vil auke talet på «lærar utan godkjent utdanning» i distrikta.

Rett til å ta avgjerder i skulesamanheng på vegne av barnet når barneverntenesta har overtatt omsorga for barnet

Framlegget inneber ein ny § 15-6 i opplæringslova og ein ny § 7-7 i privatskulelova.

Framlegget gjeld i situasjonar der barneverntenesta har overtatt omsorgsansvaret for barnet.

Departementet gjer framlegg om at foreldra har rett til å avgjerder på vegne av barnet i spørsmål som val av privat skule, fritak frå heile opplæringsplikta, fritak for undervisning ut frå foreldra sin religion eller livssyn, krav om opplæring i og på samisk, opplæring i finsk og val av målform.

Departementet gjer framlegg om at barneverntenesta har rett til å ta avgjerder på vegne av barnet i andre skulesaker som er regulert i opplæringslova og privatskulelova. Dette vil blant anna vere i saker om spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp, tiltak som gjeld det fysiske og psykososiale læringsmiljøet, val av annan offentleg skule enn nærskulen, fritak frå delar av opplæringa, tidleg og utsett skulestart, grunnopplæring i og på teiknspråk, skyss eller innlosjering, foreldresamarbeid, rett til informasjon og rett til varsel ved bortvising.

Utdanningsforbundet støttar departementet sitt framlegg

Faget religion, livssyn og etikk (RLE)

Framlegget inneber endring av §§ 2-3 første ledd og 2-4 i opplæringslova. Framlegget inneber også ny ordlyd i læreplanen i religion, livssyn og etikk.

Framlegget inneber å endre faget sitt namn i opplæringslova og i læreplanen og å endre avsnittet om timetal i læreplanen der det skal gå fram at «om lag halvparten» av timetalet i faget skal nyttast til hovudområdet kristendom.

Regjeringsplattforma til den noverande regjeringa har følgjande punkt:

Regjeringen vil endre RLE-faget til KRLE (Kristendom, religion, livssyn og etikk), samt gjeninnføre kravet om at faget, i tråd med kompetanseområdene, skal inneholde minst 55 pst. kristendom, jf. samarbeidsavtalen.

Punktet byggjer på samarbeidsavtalen mellom regjeringspartia og Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Læreplanen i RLE streker under at faget er «*et ordinært skolefag som normalt skal samle alle elever.*» Undervisninga skal vere «*objektiv, kritisk og pluralistisk.*» Det skal ikkje vere forkynning eller religionsutøving i faget.

Det følgjer av læreplanen at: «Faget skal gi kjennskap til kristendommen, andre verdensreligioner og livssyn og til etiske og filosofiske emner. Det skal gi kjennskap til den betydning kristendommen har som kulturarv for samfunnet vårt. Kristendomskunnskap skal av den grunn ha den kvantitativt største andelen av lærestoffet.» «Dette innebærer at det vil være rom for lokale variasjoner i fordelingen mellom hovedområdene i faget for å oppfylle kompetansemålene.»

I høyringsnotatet frå departementet er framlegget noko justert. Faget sitt namn skal framleis vere KRLE, men det skal ikkje vere minst 55 % kristendom, men «om lag halvparten av timetallet» i faget skal fordelast på hovudområdet kristendom.

Utdanningsforbundet meiner framlegget frå departementet er uklokt og går mot framlegget til endring av opplæringslov og læreplan.

Det kan diskuterast om det er behov for å styrkje kristendommen sin plass i faget av omsyn til kristen tru, kultur og tradisjon, slik departementet argumenterer for. Det er naturleg at kristendommen, som står så sentralt i historia vår, har ein stor plass i faget. Nettopp difor har kristendommen ein større plass enn andre religionar i gjeldande læreplan i faget. Kunnskap om kristen tru og tradisjon inngår elles i fleire andre fag i grunnskulen, til dømes i norsk, samfunnsfag, musikk og kunst og handverk. I ei fleirkulturell, globalisert verd er behovet kanskje enda større for å kjenne til andre kulturar, religionar og livssyn, til dømes å vite skilnaden på sunni- og sjiamuslimar.

Utdanningsforbundet vurderer framlegget som eit utslag av symbolpolitikk når framlegget ikkje er meint å ha konkrete konsekvensar og når kompetansemåla i faget ikkje skal endrast. Dette vert også underbygd av ei rekkje kommentarar frå fagmiljø, kristne miljø, media og andre.

Til dømes går eit fleirtal av biskopane mot framlegget og peikar på at dette er symbolpolitikk som skaper meir uro enn gagn. Preses for den norske kyrkja, Helga Haugland Byfuglien, «anser det ikke nødvendig med endringer for å virkeliggjøre målet for faget.»

Aftenposten sin leiar av 02.04.2014 fortviler over framlegget og meiner at det er «gode grunner til å riste på hodet.» Avisa er «redd for at uroen som nå er skapt, svekker dette faget som en nøytral møteplass for alle elever, med ulike livssyn og ulik tro.»

Det er framleis utfordringar knytt til praktiseringa av RLE-faget, og faget er på mange måtar eit politisk og fagleg skjørt kompromiss. Men i kjølvatnet av ein ti år lang rettsprosess har faget sidan 2008 i stor grad fungert som eit samlande fellesfag der elevane vert stimulerte til allsidig danning med rom for undring og refleksjon. Det siste skulen treng no er å bli ein

kamparena for partipolitiske markeringar. Utdanningsforbundet meiner det er grunn til å tru at framlegget av mange grupper og minoritetar vert opplevd som konfronterande og lite inkluderande.

Utdanningsforbundet meiner framlegget vil svekke faget sitt truverde som fellesarena for kunnskap og samtale. Det er grunn til å tru at framlegget vil skape støy og at vi kan få ein kamp om fritaksretten med krav om fullt fritak frå faget, kan hende med splitta elevgrupper. Resultatet vil kunne bli at færre elevar får tilgang til den kunnskapen om kristendommen som regjeringa understreker behovet for.

Det nye faget kan ikkje utan vidare samanliknast med det faget som vart dømt i den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD). Det er likevel grunn til å merke seg departementet si eiga grunngeving for endringa av faget i 2008, endringar som regjeringa no langt på veg vil reversere. Departementet peika då på at namneendringa var «en nødvendig oppfølging» av dommen i EMD og at dommen la stor vekt på «ein kvalitativ skilnad» mellom kristendommen og andre religionar og livssyn.

Det vil vere svært utfordrande for lærarane og skulen å oppfylle kravet om kvalitativ likeverdig handsaming av religionar og livssyn når dei kvantitative skilnadene er så store. Om lag halvparten av timetalet i faget på eitt hovudområde kan innebere at kravet om «objektiv, kritisk og pluralistisk» undervisning ikkje vert reell og at likeverdet ikkje kan oppfyllast. Det finst også ei kritisk grense for kor lite ein kan undervise om ein verdsreligion. Med for lita tid vert mangfaldet, kompleksiteten og kvardagserfaringane innan ein religion redusert slik at skulen lett kan skape eit vrengebilete som stadfestar fordommar framfor eit informativt bilete av kompleksiteten i religionen.

Læreplanane i Kunnskapsløftet er målstyrte. Dette inneber eit stort ansvar for skular og skuleeigarar til å organisere opplæringa i samsvar med den sentrale målsetjinga med faget. Det inneber at det ikkje er sentrale føringar for organisering, metodikk og arbeidsmåtar, til dømes prosentvis fordeling av lærestoff eller timetal. Slike vurderingar ligg til læraren sitt profesjonelle skjønn. Læraren må nytte dette skjønnet i vurderinga av kor mykje tid den einskilde elev eller elevgruppe treng for å nå dei ymse kompetansemåla. Dette vil sjølvsgatt variere og kan ikkje fastsetjast i ein læreplan.

Framlegget bryt såleis med den overordna oppbygginga av og intensjonen med læreplanane i Kunnskapsløftet. Det er difor lett å slutte seg til Aftenposten som på leiarplass 2. april 2014 kommenterer framlegget i regjeringserklæringa slik: «Det oser også av den mistilliten til lærere som alle de politiske partiene i andre sammenhenger er skjønt enige om er et av hovedproblemene i skolen. Av og til viser det seg vanskelig å redusere detaljstyringen i skolen. Her burde det vært lett ikke å øke den.»

Med vennleg helsing

Torbjørn Ryssevik
Seksjonsleiar

Einar O. Standal
Seniorrådgjevar